



ÅRSRAPPORT 2010



**Høgskolen
i Lillehammer**

Lillehammer University College • hil.no

LILLEHAMMER – LÆRING OG OPPLEVINGAR FOR LIVET

Verdigrunnlag: Høgskolen skal være prega av openheit, nærleik, dialog, respekt for andre og intellektuell ærlegdom. Høgskolen skal bidra til berekraftig utdanning og samfunns-utvikling.

Overordna mål: Høgskolen i Lillehammer (HiL) skal utviklast som ein attraktiv og profilert universitetscampus med eit breitt fagleg tilbod, kjend for studie- og forskingskvalitet. Høgskolen skal bidra til reflektert fagutvikling og global samfunnsforståing, og til regional og nasjonal nyskaping og kompetanseheving. Høgskolen skal være ein lærande organisasjon og ein attraktiv arbeidsplass som varetek likestilling og antidiskriminering.

Omstilling og tydeleggjering av

fagprofil: Høgskolestyret vil understreke at Høgskolen i Lillehammer framleis har ei svært positiv utvikling, som kjem til uttrykk mellom anna gjennom god studiekvalitet, positive søkjar- og opptakstal og høg forskingsproduksjon. I 2010 hadde høgskolen eit ordinært driftsresultat på + 5,9 millionar. Sjølv om resultatet for 2010 viser eit overskot, er det framleis behov for å vidareføre og utvikle nye tiltak for å styrke budsjettbalansen og skape eit nødvendig økonomisk handlingsrom. Talet på årsverk i 2010 var 297,5 som er ei auke på 7,3 årsverk i forhold til 2009.

Delen førstestillingar av det totale talet på årsverka, ligg på om lag same nivå som dei seinare år (ca. 56 %), medan delen kvinner i førstestillingar viser ei positiv utvikling (frå 21,6 til 25,7 %).

Styret viser til at 2010 har vore prega av ein omfattande omstillingsprosess ved høgskolen, der gode prosessar med involvering av organisasjonen, tillitsvalde og dei tilsette har vorte vektlagt. Desse prosessane har hatt som siktemål å tydeleggjere høgskolens fagprofil, bidra til å styrke høgskolens økonomi og ikkje minst å styrke kvaliteten i studia og forskning gjennom robuste fagmiljø. Omstillingsprosessane har hatt fokus på studieportefølje, arbeidstidsordning, eksterne inntekter og fagleg organisering.

Høgskolen har dei siste åra arbeidd systematisk for å tydeleggjere og spisse den samfunns- og mediefaglege profilen, noko som har vorte vektlagt i arbeidet med studieportefølje. Samfunnsfaga har lange tradisjonar på HiL sidan etableringa av distriktshøgskolen i 1971. Da høgskolen på byrjinga av 1990-talet fekk sosialutdanningane, vart det vektlagt at desse også skulle ha ein samfunnsfagleg profil. Mediefaga har utvikla seg sidan 1980-åra. Høgskolen har i dag det nasjonale ansvaret for film- og fjernsynsutdanningane, noko vi



ynskjer å understøtte og vidareutvikle både ved hjelp av øvrige mediefag og ved hjelp av samfunnsfaga (til dømes med utvikling av kompetanse innan juss og opphavsrett).

Når det gjeld studieportefølje har høgskolestyret vedtatt å fase ut to studium (sosiologi og kunsthistorie) samt å samle masterstudia i masterprogram, med sikte på betre utnytting av felles emne og undervisning samt å etablere større og meir robuste fagmiljø. Fagmiljøa ved dei respektive masterprogramma arbeider i desse dagar med utvikling og konkretisering av planar som skal setjast i verk frå høvesvis 2011 og 2012.

Som ei oppfølging av desse planane har styret òg vedtatt ny fagleg organisering som inneber at høgskolen frå hausten 2011 har fem fagavdelingar.

Studieverksemda: Søkjartala viser at HiL framleis er ein svært attraktiv høgskole i landsmålestokk. Frå 2009 til 2010 viser søkjartala at talet på primærsøklarar per studieplass auka frå 1,4 til 1,6. Det er ikkje oppretta nye studium i 2010, likevel aukar studenttalet ved høgskolen. Dette skuldast i stor grad at bachelorstudia som er oppretta dei seinare åra nærmar seg full drift. Kandidatproduksjonen ved høgskolen viser også ei svært positiv utvikling ved at talet på uteksaminerte bachelor- og masterkandidatar auka frå 543 i 2009 til 619 i 2010. Vi ser vidare at talet på studiepoeng per eigenfinansiert student auka i 2010 (etter ein betydeleg

nedgang i 2009), slik at vi i 2010 har eit betre resultat enn i 2008.

Generelt kan ein seie at etter ein betydeleg vekst i både studietilbod og tal på studentar dei siste åra, har høgskolen no hovudfokus på kvalitetsutvikling av eksisterande studietilbod, jf. arbeidet med studieportefølje og tydeleggjerjing av fagprofil. Samstundes held ein fram arbeidet med tiltak som pedagogisk kompetanseutvikling og systematisk evaluering, for ytterlegare å styrke kvaliteten.

Tala på utvekslingsstudentar er forholdsvis stabile for utreisande studentar dei seinare åra. Derimot ser vi ein nedgang i talet på innreisande studentar og her er talet lite tilfredsstillande. Ein ny strategiplan for den internasjonale satsinga er handsama våren 2011.

Ein milepæl i 2010 var godkjenninga av høgskolen sitt første PhD-program - "Barns og unges deltakelse og kompetanseutvikling". Dei første tre doktorgradsstipendiatane vart tekne opp på PhD-programmet i november 2010. Høgskolen arbeider også med utvikling av PhD-program innanfor "Innovasjon i tenesteyting - offentlig og privat sektor". PhD-programmet "Visuelle medier" går ut av studieportefølja i Prosjekt Innlandsuniversitet (PIU). Her vil høgskolen freiste å finne andre løysingar. Høgskolen ved Den norske filmskolen er òg med i det kunstnariske utviklingsprogrammet og den andre stipendiaten på dette programmet disputerte hausten 2010.





Forsknings- og utviklingsarbeid: Høgskolen bygger på forskningsbasert undervisning og står fram som ein akademisk institusjon med gode forskartradisjonar. Dei fagleg tilsette har kombinerte stillingar med omlag halvparten av arbeidstida til forskning. Høgskolen har høge publiseringstal per tilsett og var i 2010 i toppen blant norske høgskolar. Gjennomsnittstalet per tilsett ligg på 0,57 poeng per stilling og 105,3 poeng samla. Høgskolen har som mål å auke delen publisering i nivå-tidsskrift og høgskolen arbeider med tiltak for å auke delen av eksterntfinansiert forskning (Forskningsrådet, EU m.v.) og for å styrke akquisisjonsarbeid og forskingsleiing.

Prosjekt Innlandsuniversitetet: Arbeidet i Prosjekt Innlandsuniversitetet har halde fram i 2010. Avtalen mellom dei tre høgskolane (HiL, HiG og HiHm) og fylkeskommunane vart revidert og inneheld mellom anna ny og revidert tidsplan for universitetsetableringa (med mål om å etablere universitetet i 2015)

og ny organisering av samarbeidet. Frå januar 2011 vart den nye organiseringa sett i verk med etablering av Universitetsprosjektstyret (UPS) med representantar frå dei tre høgskolane og eksternt styreleiar.

Potensial for vekst: Høgskolen og Lillehammer er populært for studentar og har eit potensial for betydeleg vekst. Høgskolen ynskjer difor å leggje til rette for fleire studentar under føresetnad av at det vert tilført ressursar til fleire studietilbod og nødvendig infrastruktur. I 2010 er det arbeid med Campusutvikling i samarbeid med kommunale og regionale styresmakter samt samarbeidspartnarar i kompetansemiljøet på Storhove elles. Her er arbeidet med ny veg frå E6 prioritert frå kommunen og fylkeskommunen og det er også nødvendig i tida framover å sjå på transporttilbodet til Storhove. Høgskolen har også søkt Kunnskapsdepartementet om økonomiske midlar til fagleg utvikling og til nybygg på campusområdet.

Lillehammer, mai 2011

Bente Ohnstad

Bente Ohnstad
Rektor og styreleiar

NØKKELTAL HØGSKOLEN I LILLEHAMMER

	2010	2009	2008
TILSETTE			
Totalt tall tilsette (i årsverk)	297,5	290,2	270,3
Del førstestillingar (% av tal vitenskaplege stillingar)	56,3	57,4	55,5
Tal stipendiater (årsverk)	21,0	16,9	13,6
STUDENTAR			
Søking totalt / 1. prioritet (SO)	15.210 / 2218	15.987 ¹ / 2016	13.523 / 1840
1. prioritetssøklarar pr. studieplass (SO)	1,6	1,4	1,4
Registrerte studentar ¹ - tal pr. 1. oktober	3.952	3.632	3.246
Masterstudentar	438	416	351
Opptakstal ¹	2289	2.168	1.922
Avlagte studiepoeng (årsekvivalentar) ²	2935,4	2.464,2	2.387
Kandidatar (bachelor- og masterstudiar)	690	543	528
STUDIETILBOD			
Årsstudium	12	12	12
Bachelorstudium	20	20	18
Masterstudium	9	9	9
ETTER- OG VIDAREUTDANNINGSTILBOD (eksternfinansiert)			
Tal studietilbod	23	20	26
Registrerte studentar haust	578	492	561
Avlagte studiepoeng	263,8	271,2	272
UTANLANDSSTUDENTAR			
Innkommande	46	49	43
Utreisande	102	114	95
ØKONOMI (tal i 1000)			
Inntekter ordinær verksemd ³	305.020	260.555	274.186
Inntekter av verksemd knytt til oppdrag	20.082	17.192	18.130
Overskot av verksemd knytt til oppdrag	683	477	412
Eigenkapital	8.458	7.776	7.299

1 Eigenfinansierte studium lyst ut i Samordna opptak (SO) og på Lokalt opptak.

2 Studiepoeng (sp) er 60 studiepoeng (sp) einingar dvs det normerte for eit årsstudium. Filmskolen uteksaminerer kandidatar annakvart år (2010, 2012)

3 Resultatbasert studenttildeling ved Den norske filmskolen kjem annakvart år (2008, 2010, 2012).

NØKKELTAL HØGSKOLEN I LILLEHAMMER

	2010	2009	2008
FORSKING OG PUBLIKASJONAR			
Fagfellevurdert artikkel i vitenskaplege tidsskrift	64	62	55
Artiklar i vitenskaplege tidsskrifter	4	11	6
Faglege bøker / lærebøker	19	25	15
Kapittel i faglege bøker / lærebøker	28	87	81
Andre vitenskaplege rapportar utgitt av HiL	3	18	8
Andre vitenskaplege rapportar utgitt utanfor HiL	2	4	3
Føredrag / paper ved vitenskaplege konferansar	106	103	133
Totalt forskning og publikasjonar	226	310	301
PUBLIKASJONSPØENG			
Avdeling for helse- og sosialfag	32,6	28,3	38,7
Avdeling for samfunnsvitenskap	-	-	44,4
Avdeling for økonomi og organisasjonsvitenskap	20,5	37,6	-
Avd. for humaniora og samfunnsvitenskaplege fag	41,0	34,0	-
Avdeling for TV-utdanning og filmvitenskap	9,5	8,1	15,5
Uspesifisert	1,7	3,2	-
Totale publikasjonspoeng	105,3	111,2	98,7
AKTIVITET VED HØGSKOLEN I LILLEHAMMER I HØVE TIL STATLEGE HØGSKOLAR (i %)			
Søklarar	5,8%	5,7%	5,3%
Registrerte studentar ¹	4,9%	4,6%	4,3%
Studiepoengproduksjon ¹	5,1%	4,4%	4,3%
Kandidatar	4,7%	3,9%	3,7%
Publikasjonspoeng	6,3%	6,8%	7,6%

STYRET VED HØGSKOLEN I LILLEHAMMER 2007 - 11:

Rektor (styreleiar):

Bente Ohnstad:

Prorektor (nestleiar):

Jens Uwe Kortén

Vitenskapleg tilsette:

Jenny Steinnes

Jon Helge Lesjø

Teknisk-administrativt tilsette:

Sigrun Dancke Skaare (permisjon hausten 2010). Tore Maritvold møtte for Skaare

Eksterne medlemmer oppnemnd av

Kunnskapsdepartementet (KD):

Vigdis Lian

Kerstin Norèn

Sigmund Thue

Rune Øygard

Studentrepresentantar - valde for eit år:

Audun Fagerstrøm Skattum

Heidi Gulli